



- eit fyrtårn i vest

# Forvaltning av hjortevilt

Kommunale mål og planstrategi



**WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO**

# Innhold

1. Bakgrunn.....	4
1.1 Føremål.....	4
2. Retningslinjer.....	5
2.1 Lover og forskrifter.....	5
2.1.1 Naturmangfaldlova.....	5
2.1.2 Viltlova med tilhøyrande forskrifter .....	5
2.2 Hjorteviltforvaltninga på lokalnivå .....	6
2.2.1 Årskaldender for lokal forvaltning.....	6
2.2.2 Løyve til jakt og minsteareal.....	6
2.2.3 Skadeløyve.....	7
2.2.4 Fallvilt .....	7
2.2.5 Teljande areal .....	7
2.2.6 Fellingsavgift .....	8
2.2.7 Viltfond .....	8
3 Faggrunnlaget.....	9
3.1 Bestandstettleik og vekst .....	9
3.2 Beitegrunnlag .....	9
3.3 Viltpåkjørslar .....	9
3.4 Rovdyr.....	10
3.5 Jakt.....	10
4. Grunnlaget for god bestandsforvaltning .....	11
4.1 Jakt.....	11
4.2 Naturleg avgang .....	11
4.3 Klimatiske tilhøve .....	11
4.4 Bestandsretta forvaltning.....	11
4.5 Innsamling av bestandsdata .....	12
5 Betandsplanbasert forvaltning .....	13
5.1 Bestandsplan .....	13
5.2 Etablering av vald og samarbeid mellom vald.....	13
5.2.1 Valdansvarleg representant og jaktleiar .....	14
5.2.2 Offentlege krav til valdet .....	14
5.3 Innhold og planprosess.....	14
5.3.1 Bestandsplanområde.....	15
5.3.2 Kjenneteikn for ei god planbasert forvaltning.....	15
5.3.3 Avvik frå bestandsplanane .....	15

5.3.4 Rapportering og gjennomarbeiding av fellingsdata .....	15
5.3.5 Evaluering og rullering av planperiodar .....	16
5.3.6 Kunnskapsgrunnlaget .....	16
6 Hjorteviltet i Øygarden kommune – utvikling og status .....	17
6.1 Fjell kommune .....	17
6.2 Sund kommune .....	18
6.3 Øygarden kommune.....	18
7 Forvaltningsmål for hjorteviltforvaltinga .....	20
7.1 Overordna mål.....	20
7.2 Delmål.....	21
7.2.1 Mål for berekraftig utvikling med ei livskraftig og sunn hjortestamme.....	21
7.2.2 Biologisk forsvarleg kjønnss- og aldersstruktur .....	21
7.2.3 Sikre samarbeid og samhandling.....	22
7.2.4 Kunnskapsbasert forvaltning.....	22
7.2.5 Redusere skadeomfang .....	23
8 Kommunalt viltfond.....	24

# 1. Bakgrunn

## 1.1 Føremål

Det er Stortinget gjennom Miljødirektoratet som set rammane for korleis hjorteviltforvaltninga skal gjennomførast. Gjennom forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltsforskrifta) er kommunane gitt ei moglegheit til å vere ein aktiv og synleg aktør i hjorteforvaltninga, mellom anna gjennom å fastsetje kommunale mål for utviklinga av hjortebestanden.

Føremålet med ein forvaltningsplan for kommunen si forvaltning av hjortevilt er å gje eit lokalt rammeverk for den lokale viltforvaltninga i Øygarden kommune. Forvaltninga må på kommunalt nivå ta stilling til bestandtettleik, struktur og avskyting i viltforvaltninga.

Dette dokumentet skal skildre kommunen sitt mål for hjorteviltforvaltninga og vere styrande for den kommunale forvaltninga, samt vere eit rammeverk for rettshavarane si planlegging. For at rettshavarane sine bestandsplanar skal verte godkjent må dei følgje dei rammane og føringane som er gjeve i kommunen si forvaltningsplan. Forvaltningsplanen for hjortevilt i Øygarden kommune har òg som føremål å vere fagleg forankra og danne bakgrunn for minstearealet for hjortevilt som skal fastsetjast i forskrift og gjerast gjeldande for kommunen. Minstearealet som vert fastsett skal vere eit hjelpemiddel for kommunen til å oppnå måla som er satt i forvaltningsplanen.

Det følgjer av hjorteviltsforskrifta § 3 at i dei kommunane der det er opna for jakt skal kommunen fastsetje mål for utviklinga av hjortebestanden i kommunen. Dei kommunale måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruks, og omfanget av viltulykker på veg. Ved at kommunen fastset kommunale mål for bestandsutviklinga kan ein betre ta omsyn til lokale tilhøve og ha ein hjortebestand som er tilpassa for kommunen. Det er viktig at dei kommunale måla er konkrete og etterprøvbare, og dei bør difor vere realistiske og ha ei tidsramme som gjer at dei kan evaluerast. Kommunen sine mål skal fungere som tydelege retningsliner for jakttrettshavare og skal saman med minstearealet utgjere eit av dei viktigaste verktøyta til kommunen i viltforvaltninga.

Kommunen har eit stort ansvar for å minimere konfliktar med andre interesser som jordbruk, skogbruk, samferdsel og naturmangfald. Til dømes er hjorteviltpåkjørslar ei stor samfunnsutfordring både med tanke på dyrevelferd, økonomi, sikkerhet, trafikkavvikling og ulike menneskelege belastningar. I dei kommunale måla bør desse problemstillingane konkretiserast.

Vidare er det eit viktig mål med forvaltningsplanen at det vert stilt opp tydelege vilkår og kriterier for bruken av det kommunale viltfondet og hjortevalda sine moglegheiter til å søkje om tilskot frå viltfondet. I denne samanheng bør òg fellingsavgifta kommunen skal leggje til grunn fastsetjast.

## 2. Retningslinjer

### 2.1 Lover og forskrifter

#### 2.1.1 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er den lova som er mest sentral innan naturforvaltning. Lova regulerer forvaltning av artar, områdevern, framande organismar, utvalde naturtypar, og den tek vare på leveområde for prioriterte artar.

Naturmangfaldlova har som føremål «*at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden*» jf. § 1. Lova omfattar all natur og all offentleg forvaltning, den erstattar tidlegare naturvernlova, delar av viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. Naturmangfaldlova setter rammer for forvaltninga av hjortevilt i Noreg, og forvaltningsprinsippa i §§ 4 – 14 danner ein rettesnor for kommunen.

#### 2.1.2 Viltlova med tilhøyrande forskrifter

Viltlova omfattar alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibier og krypdyr. Til lova er det utarbeida forskrifter som mellom anna klargjer rolle- og oppgåvefordelinga i hjorteviltforvaltninga.

Viltlova sitt føremål er slått fast i § 1 der det kjem fram at «*Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innen denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv*».

Viltlova inneheld mange kapittel om jakt og forvaltning av fleire artar. Lova gjev spesifikke reglar om forvaltning av hjortevilt og den regulerer utøvinga av jakt og fangst av desse artene. Hovudprinsippet er at jakt og fangst skal utøvast på ein slik måte at viltet ikkje vert utsett for unødige lidinger, og slik at det ikkje oppstår fare for menneske- og husdyr, eller skade på eigedom.

##### 2.1.2.1 Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta)

Hjorteviltforskrifta vart gjort gjeldande frå januar 2016. «*Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser*» jf. § 1.

Forskrifta skal bidra til at forvaltninga av desse artane ikkje reduserer naturen sin produktivitet og mangfold. Alle desse artane er bidrag til naturen sitt mangfold når dei opptrer i bestandsstorleik som er tilpassa sine respektive leveområde. Det er viktig at forskrifta vert brukt saman med andre verkemiddel for å oppnå dette. Den lokale forankringa skal sikre at lokale samfunnsinteresser som næring, rekreasjon, samferdsle og liknande vert vektlagt. Omsynet til biologisk mangfold, landbruk og skogproduksjon/skogforynging er særleg aktuelt å vurdere i høve overbeitning. Hjortevilt er generelt i stand til å påverke vegetasjon tydeleg. Fare og ulempe i trafikken forårsaka av hjortevilt er andre område som vitforvaltninga må ta omsyn til.

### *2.1.2.2 Forskrifter om jakt og fangsttider*

Forskrift om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun for jakttesongane regulerer jakttida for dei jaktbare viltartane. Jakttida for hjort er f.o.m. 1.september t.o.m. 23.desember. Fylkeskommunen har etter forskrifa si § 3 heimel til å innskrenke jakttida for hjort om konfliktnivået i høve til andre brukarar av utmarka vert for stort. Innafor den jakttida som er fastsett sentralt eller regionalt/lokalt har rettshavarane (grunneigarane) rett til å bestemme dato for jaktstart og jaktslutt.

### *2.1.2.3 Forskrift om kommunale viltfond*

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort gjev føringar for kommunen sitt løyve til å krevje inn fellingsavgifter for elg/hjort og bruken av viltfondsmiddel.

For kvert dyr som vert felt skal det betalast ei fellingsavgift etter fastsatte satser. Kommunen kan innafor desse rammane fastsetje lokal fellingsavgift.

I samsvar med forskrifa skal kommunar som har jakt etter hjort krevje inn fellingsavgift og etablere eit kommunalt viltfond. Som inntekter til viltfondet reknast:

- Kommunal fellingsavgift for hjort
- Tilskot frå det offentlege viltfondet
- Fondet si årlege avkastning
- Inntekter frå fallvilt

## 2.2 Hjorteviltforvaltninga på lokalnivå

### 2.2.1 Årskaldender for lokal forvaltning

Dato	Kva, ref. Hjorteviltforskrifta	Kven
15. januar	Forslag om endring i minsteareal fremjast for kommunen	Kven som helst
15. mars	Eventuell endring av forskrift om minsteareal	Kommunen
1. april	Utmelding av areal frå godkjent/omsøkt vald skal verte sendt valdansvarleg representant med kopi til kommunen	Jaktrettshavar
1. mai	Endring av valdet sine grenser, eigedomsforhold eller teljande areal skal verte sendt kommunen	Valdansvarleg representant
1. mai	Frist for søknad om bestands- og avskytingsplan	Valdansvarleg representant
15. juni	Godkjenning av vald for jakt på hjortevilt	Kommunen
15. juni	Fellingsløyve skal verte sendt valdansvarleg representant	Kommunen
14. dg. etter siste jaktdag	Rapport om årets fellingsresultat av hjortevilt	Valdansvarleg representant
30. dg. etter siste jaktdag	Rapport om årets fellingsresultat for statistisk bruk gjennom hjorteviltregisteret	Kommunen

### 2.2.2 Løyve til jakt og minsteareal

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 5 er kommunen gjeve mynde til å opne for jakt på hjortevilt. I § 6 vert fastsetjing av minsteareal for fellingskvoter regulert. Kommunen fastset minstearealet for elg, hjort og rådyr i ein lokal forksrift. Det kan fastsetjast ulikt minsteareal for ulike deler av ein

commune. Framlegg om endring av minsteareal må fremjast innan 15.januar og ei eventuell endring må vere fastsett av kommunen innan 15.mars. I tillegg kan kommunen i samband med hjorteviltforskrifta § 7 godkjenne fråvik inntil 50 % opp eller ned på minstearealet som eit enkeltvedtak for særskilde vald og i avgrensa tidsrom under tildelinga av fellingsløyve. Vedtaket skal vere grunngjeve med bestanden sine ulike levekår, storleik og utvikling i kommunen.

Før fastsetjing av minsteareal må kommunen vurdere følgjande:

- Kommunen sine målsettingar for utvikling av bestanden
- Bestanden sin storleik, tettleik og samansetjing basert på jaktstatistikk, sett hjort og andre tilgjengelege opplysningar om bestandsutviklinga i kommunen
- Beitetilhøve og livsvilkår
- Konfliktar i høve hage, jord- og skogbruk
- Viltpåkjøyrslar
- Andre konfliktar

Fastsetjing av minstearealet har vore det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleiken. Minstearealet bør samordnast med dei andre verkemidla for å nå målet i hjorteviltforvaltninga.

#### 2.2.3 Skadeløyve

I tilfelle der andre verkemiddel er prøvd utan å lukkast, eller der akutte situasjonar oppstår, kan kommunen vurdere skadefelling med heimel i naturmangfoldlova § 18 og viltforskrifta kap.3, §§ 3-1 og 3-2.

#### 2.2.4 Fallvilt

Dyrevelferdslova gjeld òg for ville dyr, og lova seier mellom anna i § 3 at dyr skal handsamast godt og beskyttast mot fare, for unødige påkjenningar og belastningar. I samband med forskrift om jakt, felling og fangst § 29, skal ein som finn skada storvilt som er påført store lidningar og ikkje kan leve eller verte friskt, umiddelbart melde dette til kommunen. Kommunen skal sørge for avliving om dyret ikkje kan verte friskt.

Ved kollisjon mellom storvilt og motorkøyretøy, er det kommunen si oppgåve å sørge for at vilet ikke lir unødig. Det betyr at kommunen må sørge for ettersøk og avliving. Kommunen kan overlate dette arbeidet til andre, men kommunen har ansvar for at det vert gjort og at det vert utført på riktig måte.

#### 2.2.5 Teljande areal

Som hovudregel er det skogareal av alle slag (produktiv og uproduktiv), snaumark og llynghesi som skal godkjennast som teljande areal, jf. hjorteviltforskrifta § 8. Kommunen kan òg godkjenna anna areal som teljande der desse er viktig for vedkommande art, t.d. vassareal. Areal som har vore godkjent som teljande areal kan, ved omdisponering til føremål som ikkje er foreneleg med jakt/jaktutøving (bustad, industri, samferdsle m.m.), falle ut som teljande areal.

## 2.2.6 Fellingsavgift

Fellingsavgifta regulerast i samband med tildeling av fellingsløyver. Fellingsavgifta for felte dyr vert innbetalt til det kommunale viltfondet. Miljødirektoratet regulerer kva som er maksimaltsats for felte dyr.

## 2.2.7 Viltfond

Det kommunale viltfondet kan brukast til å gje tilskot til tiltak som fremjer viltforvaltninga, styrkar kunnskapen om viltet, jaktorganisering, dekkje utgifter til fallvilthandtering og tiltak til førebyggjing av skade på landbruksnæringa som er forvoldt av hjortevilt. Fondet kan ikkje brukast til kommunal administrasjon av viltforvaltning, erstatte skadar valdt av vilt eller til skotpremie.

Målgruppe for tilskot frå det statlege viltfondet er lag og organisasjonar, og i visse tilfelle institusjonar, kommunar og einskildpersonar. Tiltak som kan få tilskot er mellom anna oppretting og drift av lokale samarbeidsråd og deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.

Viltfondet sitt inntektsgrunnlag er først og fremst innbetalte fellingsavgifter basert på tal felte dyr. Ein liten del kjem frå renteavkastning, inntekter frå skadeløyver og kjøt frå fallvilt som kan seljast. Med liten differanse mellom utgifter til fallvilthandtering og inntekter er det vanskelig å byggje opp eit viltfond samstundes som ein gjev løyve til vilttiltak.

### 3 Faggrunnlaget

For at ein skal kunne forvalte hjorteviltet på best mogleg måte og som ein god ressurs, er det ein føresetnad at me kjenner til korleis hjorten påverker miljøet rundt, og korleis miljøet påverker hjorten. Det er fleire omsyn som gjer seg gjeldande når ein skal drive ein målretta hjorteviltforvaltning.

#### 3.1 Bestandstettleik og vekst

Vekstraten til hjortevilt i fråvær av jakt vil variere med tilgongen på mat. Dersom det er høg tilgong til næringsrik mat vil hjorten kunne vekse raskt i eit område, bli tidleg kjønnsmoden, produsere kalvar tidleg i livet og ha ein høg naturleg overlevingsrate. Det motsatte vil skje i eit område med lav tilgong på næringsrik mat. Vekst i hjortebestanden vil difor kunne synke når det er aukande konkurranse om den næringsrike maten i eit område. I områder med lite tilgong til mat på vinterstid, vil den naturlege dødsraten vere aukande med aukande bestandstettleik. Bestandstettleiken kan òg begrensast som følgje av låg tilgong til næringsrik mat om sommaren som då vil føre til lågare vekt, som resulterer i at kollene når kjønnsmoden alder seinare.

Det faktum at ein bestands vekstrate vert lågare med aukade tettleik, har den betydning at det alltid vil vere ein øvre grense for kor mange hjort ein kan ha i eit område. Det er dette taket som vert kalla hjorten sin økologiske bæreevne. Ved denne bæreevnen vil fødselsraten i bestanden tilsvare den naturlege dødsraten, noko som betyr at det ikkje vil vere eit haustbart overskudd. Motsatt vil skje ved ein lågare bestandstettleik; fødselsraten vil vere høgare enn dødsraten og det vert skapt eit haustbart overskot som kan haustast ved jakt.

#### 3.2 Beitegrunnlag

Skader knytta til dyrka jord er i første rekke dei største problema knytt til ein aukande hjortebestand. Dette gjeld både beiting av gras i enga og beiting av andre vekstar, eller på rundballar om vintrane. Hjorten vil òg påverke i varierande grad skogen. Aukande tettleik over tid kan virke negativt på produksjonen og uttaket av trevirke. Dette vil særskild gjere seg merkbart i områder med furuforyngelse og gran i hogstklasse III og IV. I desse områda kan det vere aktuelt å forvalte hjorten ved langt lågare tettleik enn den som gir eit berekraftig uttak. Eit alternativ er at attraktive trebestander vert skjerma med gjerde i den fasen dei er mest sårbar for beiting. Beitetetrykket på furua kan òg påverkas ved aktiv foring. Tiltak (gjerde, foring) for å skjerme attraktiv skog er økonomisk ressurskrevande og kan difor vere vanskeleg å gjennomføre for den enkelte skogbrukar.

#### 3.3 Viltpåkjørslar

I forvaltninga av hjortevilt er trafikksikkerhet eit særskilt viktig omsyn ein må ta. Hjorten utgjer ei potensielt stor trafikkrisiko når den krysser eller oppheldt seg på veg. Viltpåkjørslar kostar samfunnet mykje ressursar og utgjer ein stor risiko for liv og helse. Ved dagens bestandstettleik utgjer antal drepte hjort i trafikken 2,5 % av jaktuttaket i Noreg. I områder med mykje trafikk vil antalet vere høgare. I desse områda kan trafikkulykker ha ein vesentleg effekt på hjortens bestandsutvikling. Antal viltpåkjørslar er ofte proporsjonalt med antal hjort i eit område, difor vil forvaltningens val av avskytning ha stor innverknad for antal viltpåkjørslar.

### 3.4 Rovdyr

Predasjon frå rovdyr kan påverke bestandsveksten av hjort. Ved dagens rovdyrtetthet vil effekten vere minimal utanfor typiske kjerneområder. I desse områda vil det naturlege fråfallet av hjort vere større og forvaltninga må difor redusere jaktuttaket. På vestlandet og i kystnære strøk vil ikkje predasjon frå rovdyr vere ein aktuell problemstilling i hjorteforvaltninga, men det er eit viktig moment at det naturlege fråfallet difor vil vere lågare enn i områder med predasjon frå rovdyr.

### 3.5 Jakt

Jakta er den faktoren som er av størst betydning i bestandsreguleringa og utgjer den viktigaste dødsårsaken for hjort i Noreg i dag. Jakta er den einaste effektive metoden ein har til å regulere hjortebestanden. Ved at ein varierer jakttrykket kan ein auke og senke bestandstettleiken. Dette vil igjen påverke både beitetrykk, antal viltpåkjørslar, slaktevektar og kollenes fruktbarheit.

Dersom det vert skoten ein høg andel bukkar fører det til hjortebestandar med ein høg andel koller, som igjen fører til høg kalveproduksjon. Dette vil vere tilfelle heilt fram til andelen bukkar vert for lav til å bedekke alle kollene i bestanden. Ved redusert avskytning av koller vil kollene òg leve lengre, noko som aukar sannsynlegheten for at dei når høgproduktiv alder (3-13 år). Ulempen med ein slik strategi er at andelen bukkar og alder på bukkane i bestanden minkar. Dette gir få moglegheiter til å sjå og felle vaksne bukkar og kan på sikt ha uheldige økologiske og genetiske konsekvensar. Ein naturleg hjortebestand som ikkje vert jakta på har ein høg andel hanndyr (nærare 50 % og med ein relativt høg snittalder). Uttaket i jakta bør vere om lag halvt om halvt av bukkar og koller.

Selektiv avskytning av dei ulike aldersklassane kan påverke bestandstilveksten og jaktuttaket. Vert jakta fokusert mot yngre dyr (kalv, ungdyr) vil ein i mindre grad påverke fruktbarheten i bestanden frå år til år enn kva som er tilfelle om det vert fokusert mest på eldre dyr. Kalv og ungdyr er dyr som er på veg inn i stammen og som naturleg har størst dødlighet.

## 4. Grunnlaget for god bestandsforvaltning

### 4.1 Jakt

Hjortebestanden på Vestlandet har auka kraftig i mange år. Fyrst i dei siste åra er det teikn på at veksten i bestanden er over. Det er fleire faktorar som styrer hjortebestanden si utvikling og grundige undersøkingar har vist at jakta er den viktigaste reguleringsfaktoren. I gjennomsnitt vert mellom 75-95 % av dei vaksne dyra skote, og bukkane oppnår sjeldan vaksen alder (6-10 år) grunna høgt jakttrykk.

Med eit stort jaktuttak vert det jakta som utgjer den primære faktoren for bestandsutviklinga og som formar bestanden kommune har, både med omsyn til tal dyr og samansetjing i kjønn og alder. Det er gjennom regulering av jakta at ein kan nå dei forvaltningsmessige måla kommunen bestemmer for hjortebestanden. I Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) sin handlingsplan for hjortevilt er det fastlagt overordna miljømål for forvaltninga av hjortevilt der det kjem fram mellom anna at bestandane skal haldast på eit berekraftig nivå, at bestandane skal ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur, og at bestandane ikkje skal representere ein trugsel mot det biologiske mangfaldet. Det optimale er å hauste dyr frå alle aldersgrupper og begge kjønn.

### 4.2 Naturleg avgang

Naturleg dødstal er låge i eit normalt år for hjorten. Kalvane er naturlegvis mest utsett med opptil 40 % naturleg avgang i år med lange og kalde vintrar, med eit gjennomsnitt på 10-15 % over fleire år. Hos vaksne dyr er tala 20-30 %, med eit gjennomsnitt på 7 %. Desse tala varierer noko frå region til region i Norge. Kalvar der morddyret har vorte skoten under jakta, har lågare sjanse til å overleve komande vinter.

### 4.3 Klimatiske tilhøve

Variasjon ivêret gjennom sommarhalvåret påverkar hjorten si vekstutvikling frå år til år. Mellom anna påverkarvêret utviklinga av beitetilhøva og vekta hjå hjorten, dette spesielt hjå ungdyr. Andelen av unge koller som vert brunstige ved 1,5 år vert sterkt påverka av dette. Bestandstorleiken påverkar òg produktiviteten hjå dei unge dyra. Færre dyr vert brunstige om bestanden er for tett slik at det vert konkurranse om dei beste beita. Dette utgjer likevel ein relativt liten variasjon og er difor vanskeleg å ta omsyn til for dei som skal forvalte hjorten frå år til år. Dei langsiktige effektane er likevel viktige å følgje med på. Hjort i bestandar på øyer er kjent for å vere mindre av vekst og ha lågare kondisjon enn sine artsfrendar inne på fastlandet. Dette kan sjølv sagt påverke kor stort jaktuttaket kan vere i høve til bestandstorleiken, men kan verte balansert mot lågare dødstal grunna klimatisk gunstige vintrar.

### 4.4 Bestandsretta forvaltning

Det er eit mål at forvaltninga av hjortevilt skal vere bestandsretta, det vil sei at ein har ein felles strategi for avskyting i eit område og ein kan på denne måten sikre at det vert høsta dyr frå alle aldersgrupper og begge kjønn. Kommunar som har mange små vald opplevar vanskar med å etablere ein hensiktsmessig forvalningsstrategi då hjorten bevegar seg over store områder og må sjåast i eit større geografisk perspektiv.

#### 4.5 Innsamling av bestandsdata

Systematiske innsamlingar av gode og pålitelige bestandsdata om den lokale bestanden er viktig for å sikre ein god forvaltning og eit bilet av den faktiske situasjonen som er i kommunen. Data som er innsamla systematisk gjennom fleire år er særskilt viktige og vert meir verdifulle ettersom tida går.

Viktige data som lett kan samlast inn lokalt er :

- Sett-hjort registreringar frå jakta
- Innmarksteljingar
- Innsamling av data frå felte dyr i jakta (kjønn, alder, slaktevekt)
- Fellingsstatistikk frå jakta
- Fallviltstatistikk

Det vanlegaste er å benytte endringar i jaktuttak og antall hjort sett per jegerdag (observasjonsraten) som mål på endringar i bestandstettleiken. Observasjonsraten er det mest presise målet på endringar i tettleik då denne er uavhengig av jaktkvote, men den er avhengig av at antal observasjondagar er relativt høg. Jaktuttaket gir eit forsinka bilet av bestandstettleiken då det er jakta som skapar bestandsendringane. Jaktuttaket vil vere høgt i eit til to år etter at bestanden synk og tilsvarende lågt i eit til to år etter at bestanden har byrja å auke.

Utviklingar i fallviltstatistikken kan nyttast som eit grovt mål på utviklingen i bestandtettleiken, men denne indeksen vert påvirke av klimatilhøve; i vintre med mykje snø vil ofte ein større bestand bli drept i trafikken enn i vintre med lite snø.

Kjønns- og aldersstrukturen i både uttak ved ordinær jakt, fallvilt og sett-hjort obeservasjoner gir eit viktig grunlag for å forstå endringar i bestandstettleiken. Felte hjort vert per i dag rapportert som kalv, åringsdyr og eldre dyr for begge kjønn. Det er viktig at slaktevekter vert rapportert slik at forvaltninga har eit mest mogleg korrekt bilet på bestandskondisjonen, då dette seier mykje om mellom anna beitetilhøva.

## 5 Betandsplanbasert forvaltning

### 5.1 Bestandsplan

Eit viktig mål med å lage ein forvaltningsplan for hjortevilt i Øygarden kommune er at hjorteforvaltninga skal vere basert på bestandsplanar utarbeidd av rettshavarane eller representanter for desse i samarbeid med lokale mynde og involverte organisasjoner.

Miljødirektoratet har, med bakgrunn i politiske føringar om å styrke ansvaret til kommunar og rettshavarar, definert følgjande retningsliner:

- Kommunen er etablert som offentleg forvaltningsorgan i vilt- og fiskeforvaltninga
- Rettshavarane har eit praktisk og finansielt ansvar for forvaltninga av vilt- og fiskeressursane
- Rettshavarane skal organisere seg i fellesorgan for vilt- og fiskeområde og gå saman om felles forvaltning av ressursane gjennom driftsplanar

Hjorteviltforskrifta § 15 seier følgjande:

*«Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.*

*Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklinga, i samsvar med kommunens mål. Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.*

*For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvota årlig fordeles på de enkelte valdene*

*Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1.mai. Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant».*

Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av elg og hjort.

### 5.2 Etablering av vald og samarbeid mellom vald

For å lukkast med planbasert hjorteforvaltning må det ligge eit organisatorisk fundament i botn. Valdsstrukturen i dei fleste kommunane var tidlegare prega av eit høgt tal av små vald der kvart vald dekka eit lite område og dermed ueigna for planbasert bestandsforvaltning. I Fjell kommune har talet på vald vorte kraftig redusert dei seinare åra. I området som tidlegare utgjorde Øygarden kommune, er det framleis prega av mange små vald med liten storleik. I Sund kommune vart det etablert eit storvald i 2008 – Sund hjortevald. Valdet består av 25 mindre jaktfelt som dekkar heile det geografiske området som utgjorde Sund kommune. Både Sund hjortevald og valda i tidlegare Fjell kommune har bestandsplan godkjent av kommunen.

Eit av måla er færre vald eller formalisert samarbeid mellom fleire vald. Det private samarbeidet i vald utan bestandsplan vert naturlegvis ofte retta mot jaktuttøving og i mindre grad mot langsiktig forvaltning.

Minstearealet for bestandsplan kan oppnåast ved samanslåing av vald som har valt eit styre med valdansvarleg som skal fungere som kontaktledd mellom vald og kommune. Alternativet er å opprette ein skriftleg, forpliktande samarbeidsavtale mellom fleire vald og såleis organisere seg under eitt bestandsplanområde. Desse valda treng ikkje fysisk å hengje saman, men må tilfredsstille

arealkravet på 20 gonger minstearealet for fellingsløyve. Ved å inngå i eit bestandsplanområde vil valda bestå som sjølvstendige einingar, men kan flytte fellingsløyver seg i mellom.

Konkrete arbeidsoppgåver i eit bestandsplanområde er mellom anna å utarbeide ein forvaltningsplan og fordele fellingskvota til jaktfelta/valda. Ofte er det aktuelt å utarbeide felles reglar innanfor bestandsplanområde, til dømes reglar for utøving av jakt, handtering av skadedyr, fallvilt, ettersøk, feilfellingar og rapportering. Desse reglane bør samlas i vedtekter godkjent av rettshavarane og gjort tilgjengeleg for andre som utøver jakt i valdet. Slike reglar er ofte konfliktførebyggjande og gjer arbeidet med å administrere valdet lettare.

### 5.2.1 Valdansvarleg representant og jaktleiar

Der kommunen har godkjent eit vald skal valdet peike ut ein representant som skal fungere som valdansvarleg. Vervet er definert i hjorteviltforskrifta § 12. Det er ikkje krav om at valda skal ha jaktleiarar. Valda står fritt til velje om dei ønskjer å peike ut ein eller fleire jaktleiarar.

### 5.2.2 Offentlege krav til valdet

Hjorteviltforskrifta § 9 slår fast at hjortevaldet skal vere samanhengande og ha ei avgrensing og form som gjer det eigna til jakt på vedkommande viltart. Valdet kan omfatte anna areal enn teljande areal, til dømes større område busettnad og i nokre tilfelle mindre sjøareal som hjorten ofte kryssar for å kome frå eit jaktområde til eit anna. Eit vald må ha eit teljande areal som minst svarar til gjeldande minstearel i vedkommande område.

## 5.3 Innhald og planprosess

Vald eller bestandsplanområde med godkjent bestandsplan oppfyller følgjande punkt:

- Fleirårig (maks 5 år) plan for avskytinga
- Hovudmålet er å kunne drive ei bestandsretta avskyting/forvaltning
- Får fellingsløyva tildelt som valfrie dyr (dvs. at dei ikkje er tildelt i kategoriene kalv/ spissbukk /vaksne hodyr/ vaksne hanndyr)
- Kan flytte løyver mellom jaktfelt innanfor valdet og mellom vald i bestandsplanområdet
- Kan og overføre ein del av fellingskvota frå eit år til eit anna (maks 10 % over- eller underbeskatning frå eit år til eit anna)
- Skal kunne oppnå fleksibilitet i avskytinga for å nå måla i planen

Ein bestandsplan tek for seg korleis valdet/vald vil forme og skjøtte hjorteviltbestanden i planperioden. All hjorteviltforvaltning, mellom anna avskyting, bør skje etter ein plan, og kommunen skal gjere vedtak om målsetjinga for forvaltninga, jf. § 3 i hjorteviltforskrifta. Dette er eit viktig grunnlag for den private planlegginga, og den offentlege godkjenninga av bestandsplanen. Kommunen skal leggje til rette for og stimulere jaktrettshavarane til å lage planar for ein god og målretta bestandsforvaltning.

Valda må handle innanfor rammer som er gjeve av stat og kommune. Rammene skal vere i samsvar med hjorteviltet sin biologi. Innanfor denne ramma er det i første rekke jaktrettshavarane sitt ansvar å planleggje forvaltninga og avskytinga i kvart enkelt vald. Denne planlegginga kan vere eit resultat av ein dialog mellom privat og offentleg sektor, då det er knytt både private og offentlege interesser til hjorteviltet. Når det ligg føre ein godkjent forvaltningsplan for vald, skal kommunen gje eit samla

fellingsløye for heile planperioden som valfrie dyr. Det er sett eit minimumskrav til bestandsplanområdet sin storleik på 20 gongar minstearealet. Det ligg i omgrepet bestandsplan at det vert krevd eit areal av ein viss storleik for at eit område som er styrt etter ein forvaltningsplan skal ha ein reell påverknad på ein bestand.

### 5.3.1 Bestandsplanområde

Omgrepet «bestandsplanområde» er innført for å gjere det enklare å få store nok område til å forvalte størstedelen av ein hjorteviltbestand samla gjennom bestandsplanar utan at valda treng å slå seg saman. Eit bestandsplanområde kan bestå av to eller fleire vald som samarbeider om ein felles bestandsplan. Samarbeidet skal vere forpliktande og det må utarbeidast vedtekter for bestandsplanområdet.

### 5.3.2 Kjenneteikn for ei god planbasert forvaltning

Ein privat hjorteforvaltning som skal fungere godt krev organisasjonar som er formaliserte og demokratiske, og som har mynde til å treffe fleirtallsavgjerder.

God organisering i hjorteviltforvaltninga handlar ikkje berre om at samarbeidet må fungere internt i bestandsplanområdet. Det er like viktig å etablere eit samarbeid mellom fleire områder over eit tilstrekkeleg stort geografisk område. Utan samarbeid der ein har mest mogleg like mål for hjorteviltforvaltninga, og der ein drøfter dei felles måla og tiltaka, kan det vere fare for at hjorteviltforvaltninga mislukkast. Kunnskapsutvekslinga er viktig. Kommunen må etablere rutinar som sikrar flyt av kunnskap, biologiske data og anna informasjon mellom kommunen, valda og andre aktører i forvaltninga. Valda sjølv har òg ei viktig informasjonsoppgåve med å formidle kunnskap til sine medlemmar.

Roller og ansvar må klargjerast. Det beste er å utvikle dette i felles møter, der ein må sjå den lokale hjorteforvaltninga i samanheng med politiske føringar og endringar i lover og forskrifter.

### 5.3.3 Avvik frå bestandsplanane

Bestands- og avskytingsplanen er ei bindande avtale mellom storvaldet og kommunen. Ved planperioden sin slutt skal avvik i planen, og eventuelt årsak, rapporterast til kommunen. Dersom det oppstår vesentlege avvik i alders- og kjønnssamansetjing i uttaket i høve til det planlagte, og/eller det oppstår endringar i planen sine føresetnader, kan kommunen trekkje planen si godkjenning tilbake og eventuelt ikkje godkjenne ny plan.

### 5.3.4 Rapportering og gjennomarbeiding av fellingsdata

Hjorteviltforskrifta § 32 gir kommunen heimel til å påleggje jegarar og/eller jaktrettshavarane å rapportere opplysningar om viltbestanden i sitt jaktfelt eller vald ved å registrere sett hjort, samle inn kjevar, kjønnsorgan og liknande til analyse og bruk i forvaltninga.

Valdansvarleg skal rapportere årleg fellingsresultat på fastsett skjema til kommunen innan 14 dagar etter jaktavslutning. Det er same tidsfrist for innlevering av anna jaktmateriell som kommunen etter § 32 kan krevje samla inn. Kommunen skal innan 30 dagar etter siste jaktdag rapportere dette for statistisk bruk gjennom hjorteviltregisteret.

### 5.3.5 Evaluering og rullering av planperiodar

Ein sluttført bestandsplan skal evaluerast med tanke på resultat og i kva grad måla er oppnådd, både på valdnivå og for kommunen som heilskap. Evaluering på valdnivå er eit ansvar valdet har, og eit viktig grunnlag for målsetjing og tiltak i neste planperiode. Faktabasert evaluering er ein føresetnad for at det ved starten av planperioden vert satt i verk tiltak for å samle informasjon om bestandsutviklinga. Dette må vere ein føresetnad dersom ein skal kunne dokumentere effektar av forvaltningstiltak i planperioden i høve dei lokale og kommunale målsetjingane.

### 5.3.6 Kunnskapsgrunnlaget

Hjorteviltforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. I samband med utarbeiding og gjennomføring av bestandsplanar i privat regi er det difor ein føresetnad at dei måla og verkemiddel som utformast, er basert på eksisterande kunnskap. Dette gjeld både kunnskap om hjorteviltbestandane, leveområdet og korleis hjorteviltet påverkar lokale samfunnsinteressar.

Nokre av dei viktigaste kunnskapskjeldene i samband med planlegging av bestandsutvikling er:

- Fellingsstatistikk
- Tilvekstratar
- Slaktevekter
- «Sett hjort» registreringar og systematisk vårteljing av hjort
- Statistikk, irregulær avgang
- Merkeprosjekt
- Kjeveanalyser/aldersstadfesting og anna biologisk materiale
- Bestandsstruktur (kjønn- og aldersfordeling)

I den grad det eksisterer data, må desse nyttast som kunnskapsgrunnlag.

## 6 Hjorteviltet i Øygarden kommune – utvikling og status

Hjortejakta på vestlandet har røter heilt tilbake til steinalderen. Hjortebestanden har gått opp og ned gjennom historia, der karta mellom anna viser at hjorten på slutten av 1800-talet var i ekspansjon både geografisk og i tal. Kystnære områder både var og er eit sentralt tilhaldsstad for hjorten.

Øygarden kommune er ein langstrakt kystnær kommune, og per i dag er hjorteforvaltninga organisert etter kva geografisk område det enkelte valdet sokna til før kommunesamanaslåinga. Fjell, Sund og Øygarden hadde kvar si lokale forskrift som regulerte minstearealet, og med store variasjonar i storlek og antal hjortevald.

### 6.1 Fjell kommune

I Fjell kommune har minstearealet vore differensiert i 3 geografiske områder; Fjell midtre og Fjell sør har 500 dekar, Nordvik, Bildøy/Kolltveit Nordre Ekerhovd, Signalen, Bokkhølo, Søre Kobbeleia, Ørnafjedlet, Kallestad sør/vest og Trengereid/Kallestad har 1000 dekar. For valda på Skålevik, sør Litesotra, Foldnes, Våge og Nordre Fjell har minstearealet vore 2000 dekar. Minstearealet er regulert i *Forskrift om forvaltning av hjort – fastsettjing av minsteareal, Fjell kommune, Hordaland* ([https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2008-04-24-425/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2008-04-24-425/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3)). Dei seinare åra har fleire av valda slått seg saman og har resultert i at det no er 4 hjortevald i det som var Fjell kommune der Liatårnet storvald og Storbukkane hjortevald er dei største og utarbeidar eigne bestandsplanar, medan Ørnafjedlet og Nordre Fjell hjortevald samarbeidar og utgjer eit bestandsplanområde sjølv om dei består som eigne, sjølvstendige hjortevald. Totalt disponerer desse 4 hjortevalda eit teljande jaktareal på 90 000 dekar.

Kjerneområdet, dvs. det området som det til ein kvar tid er mest hjort, er sentralt i kommunen mellom Kolltveit og Dala. På vårparten er det ein sterk koncentrasjon av hjort innafor dette området i Blommen – Fjell og Ulveset. Dette grunna optimale beitetilhøve på innmark og skog inntil beiteområda som gir skydd på dagtid. Langs heile vestsida er det relativt lite hjort.

Organisert jakt på hjort i Fjell kommune starta opp i 1967 med 30 fellingsløver, av dette vart det felt 16 dyr. Sidan organisert jakt vart innført har hjortebestanden og fellingsresultata vore jamt stigande fram til 2015 der det ser ut til at det på heile Vestlandet har vore ei stagnering i veksten. Dette har vore ein ønskja utvikling då det fleire stader har vore for mykje hjort, som igjen har ført til vesentlege skadar i skog og på eng. I tillegg har slaktevekta på dyra gått jamt nedover i takt med auka i hjortebestanden. Grunna det høge jakttrykket er det viktig å velje rett avskytingsstrategi for å oppnå ein variert og levedyktig bestand.

Det har vore registrert vesentleg skade på innmarksareal fyrst og fremst på Fjell, Kleivane og Ulveset, som er innafor hjorten sitt kjerneområde, og på Lie. Dette er område kor det har vore gjeve fellingsløye fleire gonger for skadedyr utanom ordinær jakttid. Beiteskadane fører til tap av inntekt fordi avlinga både vert redusert og får dårlegare kvalitet grunna hjortemøkk som følgjer med. Fjell kommune har difor ført ein liberal praksis med å gje skadeløver på innmarksareal som vert driven av bønder med inntekt frå landbruksdrifta. Det har ikkje vore observert så mykje skade på granskog, det heng saman med at sitkagrana står godt mot gnag og feiring grunna stive og harde greiner. Fleire stader i Fjell kommune har det vore eit problem med hjort som gjer skade i hagar, særleg på Bjørøy og på gravplassar. Det vert ikkje gjeve skadefellingsløye på hjort som gjer skade i hage, her må huseigar kunne sette opp gjere eller førebyggje skade på andre måtar. I tillegg kan jaktlaga leggje jakttrykket til slike området i ordinær jakttid. For gravplassar vert det praktisert ein meir liberal skadefelling.

## 6.2 Sund kommune

Sund kommune har hatt eit minsteareal på 1000 dekar. Dette har vore fastsatt i *Forskrift om jakt etter hjortevilt, Sveio, Jondal Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland* (<https://lovdata.no/#document/LF/forskrift/2001-06-13-648>). Sund kommune har eit storvald; Sund hjortevald, som er inndelt i fleire mindre jaktfelt. Storvaldet vart skipa i 2007 og utarbeidet eigen bestandsplan. Totalt disponerer valdet rundt 90 000 dekar teljande areal.

Hjortebestanden i Sund har vore aukande sidan 1980-talet. Inntrykket i dag er ein veksande bestand, med innslag av store bukkar som har stabilisert seg. Dette er mykje grunna oversiktleg forvaltning gjennom Sund hjortevald. Hjorten nyttar det meste av arealet gjennom året. Kjerneområda er i sør og aust. Her er det god produksjon og dyr året rundt. Areala i vest er mindre brukt, og områda i nordvest vert mest nytt av dyr på trekk. Den årlege avskytinga til hjortevaldet ligg rundt 80 % av tildelte løyver.

Skadar på innmark og dyrka mark har auka i takt med den aukande hjortebestanden. Dette gjeld både beiting, avføring og tråkkskadar. Det har vore få søknader om skadefelling på grunnlag av skade på jordbruksareal. Det er ikkje kjent skadeomfang på skog frå hjort i kommunen. Det har vore skade frå hjort i hagar og på gravplassar, særleg på Klokkarvik. Det vert normalt ikkje gjeve skadefellingsløyve på «hagedyr», i staden vert det aktuelle jaktfeltet oppmoda om å auke jakttrykket til problemområda innafor ordinær jakt.

## 6.3 Øygarden kommune

I det som tidlegare utgjorde Øygarden kommune var minstearealet differensiert i to geografiske områder; for Skjold/Hatten var minsteareal 600 dekar, medan det var 800 dekar for resten av kommunen. Minstarealet er fastsett i *Forskrift om forvaltning av hjort, fastsetting av minsteareal, Øygarden kommune, Hordaland* (<https://lovdata.no/dokument/LTII/forskrift/2009-06-25-1051>). Øygarden kommune har ikkje hatt ein bestandsplan basert forvaltning. Det er totalt 13 små vald i kommunen der alle valda får tildelt årlege fellingsløyver i kategoriane kalv  $\frac{1}{2}$  år, spissbukk (bukk med ugreina gevir), vaksne hodyr  $1\frac{1}{2}$  år eller eldre og vaksne hanndyr  $1\frac{1}{2}$  år eller eldre. Totalt disponerer dei 13 valda eit teljande jaktareal på om lag 34 500 dekar.

Hjorten nyttar det meste av arealet i kommunen og vandrar generelt nord og sør for krinsane, og på vestsida i kommunen. Det er registrert fleire hjortetrekk i kommunen; mellom Alvheim og Breivik krins, mellom Husneset og Ljøsøyna i Blomvåg krins, og fleire traseer frå austsida i kommunen og over til Askøy. Dei siste åra har det vore ei tildeling på rundt 45-50 fellingsløyve der det har vore ei årleg avskyting på om lag 80 %. Det har ikkje vore noko organisert teljing av hjort i kommunen og det føreligg difor ikkje registreringar, forutanom slaktevekt, som indikerer omfang og utbreiing av hjortebestanden.

Det har vore signal frå enkelte gardbrukarar at det er skadepress ved innmark på Skjold, Breivik og Søre Sæle. Jordbruksareala på Skjold er omkransa av skog – eit naturleg opphaldsstad for hjorten, medan det i Breivik har vore areal med gras av høy kvalitet. Det har vore få til ingen søknader om skadefelling av hjort i Øygarden. Det er lite skogbruk i kommunen og det har ikkje vore kjent skadeomfang på skog frå hjort. På generell basis har det vore tilfeller med beiteskader i hagar i kommunen, særskilt sesongbeiting med størst pågang om våren. Det har ikkje vore gitt skadefellingsløyver som følgje av dette. Då hjorteviltforvaltninga ikkje har vore bestandsplanbasert

har det vore vanskeleg å leggje jakttrykket til områder som er utsatt for skadepress med mindre områda er omfatta av det enkelte vald sitt teljande areal.

## 7 Forvaltningsmål for hjorteviltforvaltninga

### 7.1 Overordna mål

Dei overordna måla bør vere av generell art og reflektere hovedprioriteringar som er ønskja av hjorteforvaltninga i kommunen. Desse måla bør ikkje avvike i særskild grad frå dei nasjonale målsetjingane for hjorteviltforvaltninga som er fastsett i DN-rapport 8-2009. Kommunen skal forvalte hjorten innafor dei forvaltningsrammene som er delegert til kommunen.

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Øygarden kommune. Bestanden skal forvaltas på ein slik måte at grunnlaget for ein langsiktig og stabil hausting vert sikra utan at konfliktnivået i høve andre nærings- og samfunnsinteresser vert for stor. Dette for å tilgodesjå jaktinteresser, positive naturopplevingar (rekreasjon) for allmenta og ønskje om matauk. Hjortebestanden bør reduserast innafor kjerneområdet for å redusera skadenivået på produksjonsareal til aktive gardbrukarar.

Dei overordna måla er:

- **Livskraftige og sunne hjorteviltstammar**
  - bestanden av hjort skal stabiliserast innafor eit nivå som til einkvar tid vert vurdert som berekraftig av kommunen, både i høve til bestanden sin kvalitet og i høve verksemda i andre samfunnssektorar. Hjortebestandane skal gje mest mogleg stabil avkastning som grunnlag for ein sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting.
- **Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur**
  - Hjortebestanden skal ha ein forsvarleg kjønns- og alderssamsetjing som gjer at den kan oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon. I dette ligg det at ein skal sikre at hjortestamma har tilstrekkeleg med store bukkar og vaksne koller, og at avskytinga bør i stor grad vere retta mot kalv og ungdyr.
- **Sikre samarbeid og samhandling mellom alle aktørane i hjorteviltforvaltninga**
  - Forvaltninga skal sikre eit godt samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og med andre sektorar som vert påverka. Hjortebestanden skal ikkje representere ein trugsel mot anna biologisk mangfald.
- **Kunnskapsbasert forvaltning**
  - Hjorteviltforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Den skal vere basert på tilstrekkeleg kunskap om hjorteviltet sin økologi og dens plass i naturmangfaldet.
- **Redusere skadeomfang**
  - Forvaltninga skal jobbe for at skadeomfanget knytt til jord- og skogbruk vert redusert. Det skal jobbast for at det er færrast mogleg viltpåkjørslar.

## 7.2 Delmål

For at dei overordna måla skal oppnåast må det fastsetjast delmål. Delmåla er kortsiktige forvaltningsmål som skal gjelde for ein periode der hensikta er å nå dei overordna måla. Delmåla bør vere konkrete og etterprøvbare, dette gjeld særskilt for tilhøve som er under direkte innflyting av forvaltninga og jaktlaga (jaktuttak og bestandstettleik). Tilhøve som bestandskondisjon, beitetrykk og tal viltpåkjørslar er i større grad påverka av tilhøve som ikkje forvaltninga kan kontrollere (klima, trafikkvolum, osv.), men bør likevel vere med i måla og evaluerast ved periodens utgong.

### 7.2.1 Mål for berekraftig utvikling med ei livskraftig og sunn hjortestamme

Hjortebestanden skal stabiliserast innafor rammar som til ein kvar tid vert vurdert som berekraftig i høve til naturgrunnlaget, bestanden sin kvalitet og i høve andre samfunnsmessige omsyn. For at dette skal kunne oppnåast bør følgjande delmål oppfyllast:

- Hjortebestanden skal haldast innafor habitates bæreevne
- Produksjonsevna til hjortebestanden skal vere stabil
- Helsetilstanden skal generelt holdast på eit høgt nivå
- Forvaltninga skal leggje vekt på bevaring av det biologiske mangfaldet, hjortebestanden skal ikkje forringe det biologisk mangfaldet
- Hjorteforvaltninga skal ta omsyn til jord- og skogbruksinteressar, herunder sikre at hjortebestanden ikkje påfører aktive bruk betydelege økonomiske tap som følge av beiteskadar på skog og innmark

Aktuelle tiltak for å nå denne målsetjinga er:

- Auka uttak av produksjonsdyr i områder der bestanden er for stor
- Uttak av svake dyr (skrapdyr)
- Kartlegging av beiteskadar og konsekvensar av overbeiting
- Fellingsresultat, sett-hjort og slaktevekt skal registrerast i hjorteviltregisteret
- Kontroll av faktisk jaktuttak

### 7.2.2 Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur

For å oppnå ein god hjorteviltforvaltning er det særskilt viktig at ein sikrar ein god kjønns- og alderssamansetjing. Ein naturleg hjortebestand som ikkje vert jakta på har ein høg andel hanndyr (nærare 50 % og med ein relativt høg snittalder). Det er viktig å behalde bukkar som er reproduktivt på topp då desse er gode avlsdyr. Store, eldre bukkar i bestanden fører til framskutt brundt, tidlegare paring og tidlegare fødslar. Kalvar som er født tidlegare på våren har ein lengre periode til rådighet til å byggje opp næringsreservar slik at den vert betre rusta til vinteren. Uttakket av bukk og koller bør vere om lag halvt om halvt, og ein bør ha fokus på kalv og ungdyr då dette er dyr som er på veg inn i stammen og som naturleg har størst dødelighet. Følgjande delmål er difor ansett som føremålstjenlege:

- Forvaltninga av hjort skal vere bestandsretta basert på godkjente bestandsplanar
- Målsetjingar for bestandsnivå og bestandsstruktur skal speglast i avskytingsplanar
- Sikre rett avskytningsprofil – som eit utgangspunkt bør det vere 20 % kalv, 40 % ungdyr og 40 % eldre dyr, med lik fordeling av kjønna
- Auka kunnskap om kjønns- og alderssamansetjing i hjortebestanden
- Ta omsyn til lokale variasjonar – områder med mykje hjort kan ha ein meir offensiv avskytningspolitikk enn i andre områder

Aktuelle tiltak for å nå denne målsetjinga er:

- Lågare uttak av eldre bukkar
- Høgare uttak av ungdyr og koller
- Bestandsplanar som legg opp til over 50 % avskytning av hanndyr skal ikkje godkjennast
- Aktiv bruk av «sett-hjort» data i forvaltingssamanheng

### 7.2.3 Sikre samarbeid og samhandling

Ein målretta forvalting der samarbeid og samhandling vert sikra, krev god dialog mellom dei ulike aktørane i hjorteviltforvaltinga, og at forvaltinga og jaktrettshavarane har dei same målsetjingane for bestandsutviklinga. Det er eit mål at hjorteviltforvaltinga i størst mogleg grad er basert på bestandsplanar og større vald. Valda må organiserast på ein slik måte at dei bidrar til å nå målsetjingane. Større hjortevald vil lettare kunne konsentrere jakta til fokusområder, til dømes områder med overbeiting. For at forvaltinga skal sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i hjorteviltforvaltinga vert følgjande delmål fastsett:

- Bidra til god informasjonsflyt mellom kommune og hjortevalda
- Tydeleggjere ansvarsfordelinga, herunder kommunen sitt overordna ansvar og rolle i forvaltingsspørsmål
- Etablering av større vald gjennom frivillige avtalar om samanslåing, alternativt samarbeid i mindre vald om utarbeiding av bestandsplanområder
- Bidra aktivt med utarbeiding av bestandsplanar

Aktuelle tiltak for å nå delmåla er:

- Årlege dialogmøter mellom kommunen som forvalningsmynde og hjortevalda som jaktutøvare
- Samanslåing av mindre vald til større vald
- Årleg evaluering av bestandsplan og måloppnåing

### 7.2.4 Kunnskapsbasert forvaltning

Hjorteviltforvaltinga skal vere kunnskapsbasert. Den skal vere basert på tilstrekkeleg kunskap om hjorteviltet sin økologi og dens plass i naturmangfaldet. Forvaltinga skal i tillegg vere basert på kontinuerleg informasjon om hjortebestanden sin utvikling i kommunen, herunder lokale variasjonar knytt til beitegrunnlag, skadepress, bestandtettleik m.m. Følgjande delmål kan sikre at forvaltinga vert kunnskapsbasert:

- Styrke den generelle kunnskapen om hjortebestanden
- Auka kunnskap om hjorten sin arealbruk og trekkmönster
- Informasjonsinnhenting
- Organisert vårteljing

Aktuelle tiltak for å måla er:

- Kartlegging av kjerneområder i kommunen
- Obligatorisk «sett-hjort» registrering for alle vald

- Registrering av slaktevekt
- Gjennomføring av obligatorisk vårteljing for alle vald

### 7.2.5 Redusere skadeomfang

Hjorten sin arealbruk kan ofte komme i konflikt med andre samfunnsinteresser, til dømes jord- og skogbruk, men også viltpåkøyrlar kan medføre store økonomiske konsekvensar og lidelsar for både dyr og menneske, det er difor eit viktig mål at ein jobbar for at antal påkøyrlar skal vere så låge som mogleg. For at skadeomfanget frå hjorten skal reduserast må hjorteviltforvaltninga ta omsyn til dei ulike interessa som gjer seg gjeldande. Difor er følgjande delmål fastsett:

- Redusere hjortebestanden innafor kjerneområder og områder med aktiv jord- og skogbruk
- Kartlegging av beiteskadar og konsekvensane av overbeite
- Antal hjortepåkøyrsler skal reduserast til eit minimum
- Kartlegging av utsatte områder for påkøyrsler
- Trafikkskadd hjort skal handterast på ein profesjonell måte

Aktuelle tiltak er:

- Reduksjon av hjortebestand i områder med mykje skadepress
- Kontinuerleg oppdatering av fallviltregister
- Rydding av kantvegetasjon langs utsette strekningar
- Skilting av utsette strekningar

## 8 Kommunalt viltfond

Alle kommunar som har opna for jakt på hjortevilt skal etablere eit kommunalt viltfond. Inntektane til det kommunale viltfondet er den offentlege fellingsavgifta og den eventuelle avkastninga fondet har. Inntekter frå omsetjing av ulovleg felt vilt og fallvilt reknast og som inntekter til det kommunale viltfondet.

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, FOR-2011-05-15-537, regulerer kva det kommunale viltfondet kan brukast til og har som føremål å skape økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltninga i kommunen og fylkeskommunen.

Viltfondsmidlar kan brukast til tilskudd til tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. Det kan òg nyttast til å dekkje kommunen sine utgifter knytt til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt, samt tiltak for å førebyggje skader på landbruksnæringa voldt av hjortevilt. Viltfondet kan ikkje brukast til kommunen sine utgifter til viltforvaltninga, erstatning for skader voldt av vilt eller til skuddpremiar.

Hjortevalda i kommunen kan søkje om tilskot frå det kommunale viltfondet. Kommunen vil prioritere søknader som tek sikte på tiltak som tek sikte på å bidra til å nå dei kommunale målsetjingane for hjorteviltforvaltninga. Det kan til dømes søkjast om tilskot til:

- Viltkamera
- Vegetasjonsrydding
- Samarbeidstiltak som tek sikte på utarbeiding av større vald, bestandsplanområdar og liknande
- Driftstilskot til vald som utarbeidar bestandsplan
- Kurs som tek sikte på auka kunnskap om hjorteviltet og dens økologi